Plan for forbetringsarbeid Sogn barnevern

Kortfatta forbetringsplan med tiltak for å rette lovbrot i tenesta, jf. mellom anna systemtilsyn gjennomført april 2014 og etterfølgande tilsynssaker i 2014 og 2015. Planen er ein del av det generelle kvalitetsutviklingsarbeidet som Sogn barnevern vil ha fokus på framover. Dette særskilt i høve til fagutvikling og sikring av tenestekvalitet. Tenesta sitt forbetringsarbeid er ein kontinuerleg prosess og er såleis ikkje avgrensa til gjeldande plan.	

Årsaksanalyse:

Kva er problemet?	**Kva er det vi gjer/ikkje gjer som har ført til denne svikten?**
Analysen tek utgangspunkt i seks (6) nærare konkretiserte områder omtalt i referat frå møte mellom Sogndal kommune og Fylkesmannen den 4. mai 2016, (jf. referat av 27. mai 2016).	Årsaksanalyse har vore særskilt tema og drøfta i eigne møter med tilsette den 13. juli og 20. juli 2016. Sogn barnevern erkjenner at problemårsakene er samansette og komplekse, og har i hovudsak handla om mangel på lov- og fagforståing, mangel på systemforståing samt mangel på struktur i metodisk tilnærming i sakshandsaming og terapeutisk virke.
1. Kommunen sikrar ikkje at oppfølging av hjelpetiltak vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovkrav. (*Overordna – etablering og oppfølging av hjelpetiltak*)	Manglande fag-, lov- og formalkunnskap hos tilsette, og derav manglande fokus på kontinuerleg forbetringsarbeid, oppfølging og kontroll.
2. Kommunen har ikkje tiltaksplan for alle barn som har hjelpetiltak.	Manglande forståing av gjeldande lovkrav, interne skriftlege rutinar og manglar i barnevernsfagleg kompetanse (kunnskap, erfaring, haldning).
3. Kommunen gjennomfører ikkje tilsynsbesøk for barn i fosterheim så ofte som lova krev.	Manglande planlegging og struktur, samt interne skriftlege rutinar som ikkje vert følgt opp.

4. Kommunen sikrar ikkje at hjelpetiltak vert evaluert så ofte som lova krev.	Manglande forståing av gjeldande lovkrav og manglar i barnevernsfagleg kompetanse (teoretisk, empirisk og analytisk) og i høve haldningar). Manglande kapasitet i ei teneste prega sjukefråvær og feilfokus.
5. Barnevernstenesta involverer ikkje alltid barnet ved evaluering av tenestetilbodet til barnet/familien.	Manglande forståing av Barnekonvensjon, gjeldande lovkrav barnevernsfagleg kompetanse og i høve haldningar. Manglande oppfølging av interne skriftlege rutinar.
6. Barnevernsfaglege vurderingar vert ikkje godt nok dokumenterte.	Generelt manglande tenestefokus, samt manglande fokus på og kunnskap om dokumentasjonskrav og analytisk arbeid.

Mål for forbetringsarbeidet	**Konkrete tiltak**	**Tidspunkt for iverksetting av tiltaka/ ansvarleg**	**Tidspunkt for evaluering av tiltaka/ ansvarleg**	**Evaluering – har tiltaka hatt ønska effekt?**
Alle tilsette har eit eigarskap til kvalitetsutvikling av tenesta, og til gjeldande plan for forbetringsarbeid.	Temabasert intern gjennomgang og drøfting av tenesta sitt behov for systematisert kvalitetsutvikling.	Saksmøte kvar veke. Leiar er ansvarleg.	Kontinuerleg evaluering i saksmøta. Alle tilsette har eit ansvar for å bidra.	Tiltaket har hatt ønska effekt ved at eigarskapen til kvalitetsutviklinga i tenesta hjå tilsette går fram av følgjande: ▪ Tilsette viser engasjement og meningsuttrykk i systematiserte fag-/saksmøter ▪ Tilsette viser i enkeltsaker dokumenterte

				barnevernsfaglege analysar ▪ Tilsette sikrar systematiske evalueringar av enkeltsaker og eigen praksis
Alle tilsette medverkar i tenesta si kvalitetsutvikling og til gjeldande plan for forbetringsarbeid.	Felles drøfting og analyse av kva me som teneste gjer/ikkje gjer og som kan ha ført til omtalt svikt i lovkrav. Gjennomgang og bruk av «*Rapport frå tilsyn med oppfølging av hjelpetiltak ved Sogn barnevern 2014*».	Tiltaket er starta opp. Gjennomgang og skriftleggjering av gjeldande plan for forbetringsarbeid har vore teke opp og drøfta i møter med dei tilsette 13. juli og 20. juli 2016.	Kontinuerleg evaluering i saksmøta. Alle tilsette har eit ansvar for å bidra.	Tiltaket har hatt ønska effekt ved at **alle** tilsette har medverka til tenesta sitt kvalitetsutviklingsarbeid og til forbetringsplanen. Fagleiar og teamkoordinatorar sikrar: - Vekentlege saksmøte har kvalitetsutvikling som tema på kvart møte - Individuell rettleiing til alle tilsette

Tidsavgrensa tiltaksplan, (jf. bvl § 4-5), ligg føre ved ferdigstilt undersøking (US) som konkluderer (vedtak) med tiltak.	1. Utarbeiding av tiltaksplan skal planleggjast (med dato) i plan for undersøkinga (undersøkingsplan). 2. Tiltaksplan skal vere utarbeida før vedtak vert godkjent av leiar.	1. august 2016. Sakshandsamar er ansvarleg. Tenesteleiar er ansvarleg for å leggja til rette for at målet vert nådd.	Evaluering ved kvar einskild ferdigstilt undersøking. Ansvarleg er teamleiar/leiar i lag med sakshandsamar.	Det er framleis utfordringar knytt til fokus på samanheng mellom plan for US, arbeidsstruktur, kompetanse og oppfølging frå leiing. Sidan det er behov for framleis arbeid med dette punktet, vil vi knytte vidare arbeid til forbetringsplanen som skal ferdigstillast innan 1.02.17.

Oppfølging av hjelpetiltak vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovkrav.				
Oppdatert rutine (prosedyre ID: 6114-1) for etablering og evaluering av tiltaksplan ligg føre.	Intern gjennomgang og evaluering av gjeldande rutine. Jf. mellom anna funn omtalt i «*Rapport frå tilsyn med oppfølging av hjelpetiltak ved Sogn barnevern 2014*».	27. juli 2016. Felles kontormøte, leiar er ansvarleg.	Veke 36 2016. (5.- til 9. september 2016)	Tiltaket har hatt ønska effekt ved at nye rutinar er utarbeida og gjort tilgjengeleg for alle tilsette.
Alle barn med hjelpetiltak har ein aktiv tiltaksplan som er i samsvar med definerte mål for tiltaka. Vidare at måla står i forhold til dei problema som skal avhjelpast og tilstanden ein ynskjer å oppnå.	1. Gjennomgang og kvalitetssikring av alle aktive tiltakssaker. 2. Utarbeiding av eige verktøy for kva indikatorar som skal nyttast i gjennomgang. 3. Identifisert svikt skal vurderast og dokumenterast på klientnivå.	Start 11. juli 2016. Eigen intern gruppe med fire erfarne sakshandsamarar inklusiv leiar. Leiar er ansvarleg. Innleigd ekstern bistand i ein avgrensa periode. Tiltaket har ein samla varigheit på ein (1) månad.	Veke 36 2016. (5.- til 9. september 2016) Sakshandsamar, intern arbeidsgruppe og leiar. Leiar er ansvarleg.	Tiltaka har hatt ønska effekt ved at over 87 % av alle barn med hjelpetiltak har fått ein aktiv tiltaksplan i samsvar med definerte mål ved tiltaka. Det er internt gjennomført ein omfattande gjennomgang (bruk av «Kvellomal») i om lag 1/3 av aktive saker. Tiltaksplanar vert etablert i tråd med føremålet og rullert/evaluert for å sjå om tiltaket har hatt ønska effekt. Planen vert korrigert etter behov. Tenesta vil i løpet av 1. kvartal 2017 sikre at alle barn har aktiv tiltaksplan.

Identifisert svikt i aktive tiltakssaker er retta opp.	Utarbeiding av skriftleg plan for retting av identifisert svikt på klientnivå. Sakshandsamar føl opp i samsvar med plan.	Intern arbeidsgruppe og leiar er ansvarleg for at skriftleg plan ligg føre for alle barn seinast innan 1. september 2016. Sakshandsamar er ansvarleg for iverksetting og oppfølging av plan. Juli og august 2016.	Veke 36 2016. (5.- til 9. september 2016) Sakshandsamar, intern arbeidsgruppe og leiar. Leiar er ansvarleg.	Tiltaket har hatt ønska effekt ved at aktive tiltakssaker, der svikt er identifisert, er fordelt til ansvarlege tilsette som rettar desse opp. I dette ligg at det er gjort dokumenterte individuelle vurderingar i kvar enkelt sak. Vidare at det er etablert tilpassa og kvalitetssikra tiltak for den enkelte som skal ha det, og at det går fram av faganalytiske dokumentasjon og med konklusjonar i kvar enkelt sak.
Tiltaksplanen er utarbeida i samarbeid med barn og foreldre.	1. Tiltaksplanen skal gje ei nærare omtale av korleis barnet og foreldra har medverka i utarbeiding av planen. 2. Revisjon/korrigering av gjeldande mal for tiltaksplan. 3. Tiltaksplanen skal godkjennast (v/ferdigstilling) av teamleiar/leiar.	1. august 2016. Sakshandsamar er ansvarleg for utarbeiding av tiltaksplan i samsvar med gjeldande rutinar og plan for forbetringsarbeid. Teamleiar/leiar er ansvarleg for gjennomgang av tiltaksplan før godkjenning/ferdigstilling.	Evaluering av kvar einskild utarbeida tiltaksplan. Ansvarleg er teamleiar/leiar i lag med sakshandsamar.	Tiltaket har hatt ønska effekt. I etablerte og rullerte tiltaksplanar går det fram av planen at den er utarbeida i samarbeid med barn og foreldre.

Tiltaksplanen er evaluert regelmessig, minimum kvartalsvis – og evaluert i lag med barnet.	1. Datofesta kvartalsvis evaluering av tiltaksplan i tråd med gjeldande rutine ID: 6114-1. 2. Evalueringa skal dokumentere og gje ei nærare omtale av korleis barnet har medverka i evaluering av planen. 3. Månadleg kontrolloppfølging frå leiinga gjennom uttrekk av nøkkeltal.	1. august 2016. Sakshandsamar er ansvarleg for å følgje gjeldande rutine. Teamleiar/leiar er ansvarleg for månadleg kontrolloppfølging gjennom uttrekk av nøkkeltal. Oppfølging av avvik skjer gjennom eigen plan (journalført som internt notat i Familia) m/tidfesting for oppretting.	1. november 2016. Teamleiar/leiar er ansvarleg.	Tiltaka har hatt ønska effekt. Det ligg føre dokumentasjon i barnet sin journal der kvartalsvis (eller meir) evaluering av tiltaka er gjennomført, og at dette er gjort i tråd med føremålet og saman med planeigar. Ved årsslutt er 40 av 43 tiltaksplanar kontinuerleg evaluert.
Barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak er dokumentert i saka til barnet.	Internopplæring og gjennomgang av rettleiaren «*Tiltaksplanar og omsorgsplanar i barnevernstenesta*»	5. september 2016. Deler av saksmøta i september 2016 skal nyttast til internopplæringa. Leiar er ansvarleg.	Tiltaket skal evaluerast i løpet av desember månad.	Tiltaket har hatt ønska effekt. Tilsette dokumenterer i journal, naudsynte og evidensbaserte, barnevernsfaglege vurderingane i saka.
Omsorgsplasserte barn i Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal får lovpålagde tilsynsbesøk.	1. Eigen stillingsressurs avsett til oppfølging av tilsynspersonar og tilsyn. 2. Etablering av rutine for oppfølging av oppgåva.	1. september 2016. Dedikert stillingsressurs er ansvarleg for etablering av rutine.	Skal evaluerast innan 1. desember 2016.	Tiltaksmålet er ikkje nådd fullt ut. Tiltaket vart ikkje etablert. Tilsynsføremålet vert vurdert og fylgt opp. 4 av 15 barn har ikkje fått lovpålagde tal tilsyn gjennom siste 12 månadar. Frå og med sommaren 2016 ser vi ei betring i tal gjennomførte tilsynsbesøk.

				Frå 1. kvartal 2017 skal tenesta gjennomføre tilsynsbesøk med rett frekvens (eitt tilsynsbesøk kvart kvartal til kvart barn).

31.12.16

Hadle Blikra, tenesteleiar Sogn barnevern